

Meland kommune

V/ Merethe Tvedt, Rådgiver planforvaltning

Frekhaug rådhus

Detaljregulering fv. 564/244 Frekhaugkrysset - Høyring og offentlig ettersyn

Det er gledeleg at vi endeleg har motteke forslag til nemnde reguleringsplan og ser fram til at planen vert realisert så fort som mogeleg.

Som både grunneigar (24/7), utbyggjar og oppsitjar i området har vi nokre, for oss, vesentlege kommentarar til planen:

1. Stenging av avkøyrsløse til Sagstadvegen 65-69

I planforslaget er avkøyrsløse til Sagstadvegen 65-69 foreslått sperra. Vi skjønner at det er gjort for å redusere talet på avkøyrsløse frå fylkesvegen. Det er i og for seg bra, men ulempe for dei som i dag nyttar denne avkøyrsløse, har ein då sett bort ifrå. Dei vil måtte køyra omvegen via Torvvegen, som truleg er det alternativet planleggjarane har tenkt seg.

Mest 100% av all biltrafikk frå denne avkøyrsløse går i dag mot Frekhaug senter, og då blir dette ein omveg på fleire hundre meter om ein skal kopla seg inn på ei omkøyring via Torvvegen.

Ein sikker tilkomstveg via Torvvegen frå desse eigedommane vil også krevja bygging av ny tverrveg og nytt kryss mot Torvvegen. Dette er sjølvstøtt mogeleg å få til, men vil bli dyrt og vil leggja beslag på ein god del dyrka mark. Kostnadene må reknast inn i prosjektet.

Ei anna ulempe som blir forsterka ved ei slik omlegging, er brøytetilhøva vinterstid. Ein ser at entreprenørane som er hyra inn for å brøyta denne veggen prioriterer dei offentlege vegane først og deretter dei private. Det betyr at dei som skal på jobb om morgonen då må køyra på ubrøytt veg i bratt oppoverbakke for å koma inn på Torvvegen. Med det klima vi no har, er kanskje ikkje dette noko stort problem, men vi veit at nokre av huser, som får lengst veg, vil få problem med dette vinterstid. I dag køyrer alle nedoverbakke om morgonen, og då går dette stort sett greitt. Om ettermiddagen er veggen brøytt.

Ei tredje ulempe, om enn svært marginal, er at omlegginga vil medføre at trafikken ved Fossekrysset vil auka. Her er det parkeringsplass for Sagstad skule og Meland Aktiv, busshaldeplass og mykje til og frå køyring med avlevering (henting) av born, samt mange gåande og syklende frå Sagstad, Langeland, Fosse og Frekhaug, som skal kryssa fylkesvegen og kommunevegen ved dette vegkrysset.

Ved å oppretthalda eksisterande utkøyrsløse aukar i alle høve ikkje presset på vegane ved Fossekrysset.

2. Plassering av gang- og sykkelstien langs fylkevegen

Vi registrerer at gang- og sykkelstien er planlagt på austsida av fylkesvegen. Det er sjølvstg greitt for oss som bur på austsida, men dei aller fleste som vil nytta denne vegen kjem frå andre stader og vil ønska seg ein gang og sykkelsti med minst mogleg krysningar. Litt avhengig av kor ein skal eller kvar ein kjem ifrå vil dagsens forslag innebere opp mot 5-6 krysningar av anten fylkesvegen eller private avkøyrslar. Vel ein derimot å leggja vegen på vestsida av fylkesvegen vi ein berre få 2-3 krysningar. Vi ser då bort frå landbruksvegar som er svært lite trafikkerte.

3. Mellombels løysing for gang og sykkelsti

Underteikna sit med ferdige utbyggingsplanar i området der det er knytt rekkjeføljekrav til ferdigstilling av gang og sykkelsti langs fv 244. Vi er ikkje den einaste utbyggjaren i området som er svært uroa over tidshorizonten det er lagt opp til for prosjektering og utbygging av den nye fylkesvegen mellom Frekhaugkrysset og Fosseskarkrysset. Vi ser mellom anna at det ikkje er finansiering for det som vert kalla fase 2 av utbygginga, noko som uroar endå meir.

Vi ser for oss at det då kan ta svært lang tid før vi kan starta opp våre prosjekt.

Dette kan vi som utbyggjarar, og heller ikkje kommunen, leva med.

Vi foreslår derfor det vert etablert ein enkel, men fullgod, mellombels gang- og sykkelveg langs denne strekninga. Kor denne mellombels løysinga skal plasserast kan sjølvstg diskuterast, men det rimelegaste, enklaste og sikraste alternativet er truleg å bygga gang- og sykkelvegen innfor det etablerte reguleringsområdet, og at SSV sikrar vegggrunn for dette som ein del av total-prosjektet.

Om ein samarbeider med grunneigarar og landbruksnæringa kan ein slik veg etablerast med faste masser på duk og elles på etablerte masseuskifta landbruksvegar i området, basert på alt inngåtte avtaler om mottak av steinmassar til landbruksdeponiet i området. Denne mellombels gang- og sykkelvegen må naturleg nok etablerast på vestsida av noverande fylkesveg og kan då byggjast svært rimeleg

Vårt forslag er at kommunen og utbyggjarane i området bygger denne mellombels vegen. Vi ser for oss ein veg som delvis vert lagt på duk og som kan fjernast i samband med ferdigstilling av den endelege løysinga. Fordelen med dette er:

- at gang og sykkelstien alt no (i løpet av vinteren) vert bygd som ein mellombels løysing til glede for alle trafikantar
- at gang og sykkelvegen kan vera operativ som ein trygg veg i heile anleggsperioden
- at vi straks kan koma i gang med våre prosjekt

Vi ser at dette er ei uortodoks løysing, men med det usikre tidsperspektivet som er presentert i planforslaget, kan ikkje vi som utbyggjarar, oppsitjarar og /eller mjuke og harde trafikantar i området leve med eit så langt og usikkert perspektiv.

Det er gang- og sykkelstien som må vera det primære i denne planen. Den skulle vore på plass for lenge sidan.

Vi foreslår eit snarleg uformelt møte mellom leiinga i SVV, fylkeskommunen, Meland kommune og representantar frå oss som utbyggjarar om dette. Vi har alt avtala med kommuneleiinga at dei tek initiativ til dette.

Ved venleg helsing

Frank Rune Dale,

grunneigar 24/7, dagleg leiar FRADA AS